



Denne tysdagen var det 14 ungar som boltra seg på "bakrommet", men dette biletet vart teke i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter ein litt varsam start i 2009 kan det no registrerast aukande besøk på TI-aren i Gamleskulen. Denne tysdagen var det 39 vaksne og 14 småungar innom og det var ein klar, ny årsrekord. Men året er framleis ungt....

Ser ein på tala for dei seks opningsdagane hittil i 2009 kjem ein til eit gjennomsnittleg besøk av vaksne på 28.

Her er tala for dei seks dagane:

- 6. januar: 14 vaksne og fem barn
- 13. januar: 26 vaksne og ni barn
- 20. januar: 24 vaksne og åtte barn
- 27. januar: 30 vaksne og 12 barn
- 3. februar: 33 vaksne og seks barn
- 10. februar: 39 vaksne og 14 barn